



Voss herad

Eigarstrategi

Voss Parkering AS

2024



INNHALD

1.	INNLEIING	3
2.	TAL OG FAKTA – VOSS PARKERING AS	3
	Føremålet til Voss Parkering AS er:	4
3.	VOSS HERAD SINE FORVENTNINGAR TIL VOSS PARKERING	4
3.1.	VOSS PARKERING SKAL VERA EIN VIKTIG SAMFUNNSAKTØR.....	4
3.2.	VOSS PARKERING SKAL VERA EI LØNSAM OG EFFEKTIV VERKSEMD	5
4.	VOSS HERAD SOM EIGAR - EIGARSTYRING.....	6
4.1.	VOSS HERAD SKAL VERA EIN AKTIV EIGAR	6
4.2.	VOSS HERAD SKAL VERA EIN TYDELEG EIGAR	7
4.3.	VOSS HERAD SKAL VERA EIN FØRESEIELEG OG LANGSIKTIG EIGAR.....	8
❖	Vedtekter Voss Parkering.....	8



1. INNLEIING

Voss herad og Vossevangen skal vera ei drivkraft for vekst i regionen vår. Dei kommunale selskapa våre skal vera eit viktig verkemiddel i arbeidet med at me når visjonen om at Voss er eit sterkt regionsenter med levande bygder.

Heradet sitt eigarskap skal fremja samfunnsansvarleg forretningsdrift og berekraftig samfunnsutvikling. Voss herad sine normer og etiske retningslinjer gjeld også i selskap der heradet har eigarinteresser. Voss herad. Kommuneplanen til Voss herad er tufta på FN sine berekraftsmål og selskapa våre skal arbeida for å nå dei av FN berekraftsmåla som er relevante for dei.

Voss herad skal medverka til god politisk styring og kontroll i tillegg til å leggja rammene for korleis heradet skal utøva sitt eigarskap. Eigarskapspolitikken skal slik styrka eit godt eigarskap, no og i framtida.

Samla sett skal eigarskapet vårt gje størst mogeleg verdiskaping, men då innafor rammene for det som er berekraftig og det som gjev gode tenester til innbyggjarane våre. Me skal nytta eigarskapet i viktig infrastruktur for samfunnet til å stimulera til endring og omstilling, samstundes som me skal sikra at klima, miljø og natur vert tatt vare på.

Voss herad ynskjer å utarbeida selskapsvise eigarstrategiar for særleg viktige selskap. Eigarstrategien skal danna plattform for ein god styringsdialog, fastsetja mål og gje ei klar retning på kva eigar vil med selskapet. Kvar eigarstrategi skal definera kva forventningar heradet har til selskapet, innehalda strategiar og eigarkrav samt konkretisera Voss herad si rolle som eigar. Selskapet sine vedtekter og føremålsparagraf vil vera sentrale i utarbeiding av eigarstrategien. Politisk vedteken eigarstrategi vil sidan binda deltakarane i generalforsamling og representantskap. Styret i selskapet er ansvarleg for at eigarstrategien vert lagt til grunn for vidare drift av verksemda.

Føringar lagt i eigarstrategien skal fylgjast opp i samband med årleg rapportering til Voss herad si eigarskapsmelding. Eigarstrategi for Voss Parkering AS skal reviderast kvart fjerde år, fyrste gong i 2028.

2. TAL OG FAKTA – VOSS PARKERING AS

Voss Parkering AS er eit føretak heileigd av Voss herad. Voss heradsstyre er føretaket sitt øvste organ. Voss Parkering AS driftar den offentlege parkeringa i Voss herad. Selskapet utfører parkeringskontroll i samsvar med gjeldande lover og syter for trygg og god framkomst for innbyggjarar og tilreisande som ferdast i trafikken.

I november 1987 vart det innført avgiftsparkering på Voss, som vart administrert av det nyoppretta Voss Parkeringsselskap AS. I fyrste halvdel av 1990 vart det vedteke av kommunestyret at drifta skulle leggjast inn som eiga avdeling under Teknisk kontor.

Etter nytt vedtak i kommunestyret vart Voss Parkering AS stifta 1. mai 2003. Selskapet skal medverka til å redusera trafikkbelastninga i sentrumsområdet og til å utvikla gode tilbud for gåande og syklande.

Voss Parkering AS eig 100% av Voss Parkering Vest AS (fusjon gjennomført oktober 2024)
Voss Parkering AS eig 8,772% av Voss Forretningsbygg AS



Føremålet til Voss Parkering AS er:

- Bygging og drift av parkeringsanlegg i Voss herad
- Medverka til å redusera trafikkbelastninga i sentrumsområdet
- Utvikla gode tilbud for gåande og syklende.
- Istandsetting, tilsyn, vedlikehald og utvikling av Vangen som regionsenter.
- Utføra heradet sine oppgåver etter «forskrift om offentleg parkeringsgebyr, og «forskrift om vilkårsparkering for ålmenta og handheving av parkeringsreguleringar (parkeringsforskrifta)».

Nøkkeltal Voss Parkering AS

Tal i heile tusen

	2023	2022	2021	2020
Sum driftsinntekter	15 260	14 964	13 598	11 523
Driftsresultat	-16813	3 291	2 788	1 847
Resultat før skatt	-18 753	2 204	2 242	1 049
Årsresultat	-15 717	1 719	1 749	817
Resultat av drifta i %	-110	22	20,5	16
Utbytte	0	0	0	0
Totalkapital (eigenkapital + gjeld)	70 177	91 036	90 686	90 979
Sum eigenkapital (EK)	18 114	33 831	32 112	30 363
Soliditet (EK i % av total kapital)	25,8	37,2	35,4	33,4
Gjennomsnittleg årsverk	5,1	5,0	4,8	4,0

3. VOSS HERAD SINE FORVENTNINGAR TIL VOSS PARKERING

Voss Parkering AS skal ta samfunnsansvar, vera klima- og miljøbevisst og vera ei lokal drivkraft for berekraftig utvikling i regionen vår. Verksemda skal levera resultat som medverkar til verdiskaping og utvikling for eigar, konsern og tilsette.

Heradsstyret forventar at styret føl opp fastsette mål i heradet sine planar, som direkte eller indirekte er knytt til føretaket sitt ansvarsområde.

3.1. VOSS PARKERING SKAL VERA EIN VIKTIG SAMFUNNSAKTØR

Voss Parkering AS skal bidra i arbeidet med å realisera [Vossaklima 2030](#) - kommunedelplan for klima, klimatilpassing og grøen omstilling. Det er ynskjeleg at Voss Parkering på eige initiativ gjer tiltak for, og driv generell informasjon og rettleiing som vil motivera og engasjera innbyggjarane våre til redusert trafikk i sentrumsområda og auka bruk av sykkel og gange. Voss herad forventar også at Voss Parkering rapporterer årleg inn på desse punkta i samband med innrapportering til Voss herad si eigarskapsmelding.

Voss Parkering skal vera kompetent, nyskapande og innovativ, og i front med nye løysingar. Deltaking i regionale samarbeid, som [Grøn Region Vestland](#) og [Klimapartner Vestland](#) bør prioriterast for å skapa synergjar og mest moglege regional verdiskaping.



Målsetning for Voss Parkering AS

Heradsstyret forventar at styret legg følgjande målsetnader til grunn for Voss Parkering AS:

1. Voss Parkering skal ha hovudansvaret for å realisera heradet sin parkeringspolitikk, og på den måten vere eit reiskap for sentrumsutvikling og realisering av transport- og miljøpolitikken.
2. Som ein viktig samfunnsaktør skal Voss Parkering arbeide aktivt for å bidra til realisering av Sentrumsplanen og Vossaklima 2030, på dei område som er relevant for parkeringsselskapet si drift og i samsvar med dei vedtektsfesta føremål.
3. Voss herad forventar at Voss Parkering tek ei særleg proaktiv og konstruktiv rolle på satsingsområda i Vossaklima 2023 som handlar om «Snu transporthierarkiet», «Grønt giv i næringslivet», og «Dei kommunale selskapa som spydspissar i klimaarbeidet».
4. Voss Parkering skal bidra til auka verdiskaping gjennom å tilby samfunnsnyttige og kundeorienterte tenester samt medverka til utvikling av ein effektiv og miljøvennleg infrastruktur.
5. Voss Parkering skal stå for bygging og drift av parkeringsanlegg i Voss herad og medverka til å redusera trafikkbelastninga i sentrumsområdet og til å utvikla gode tilbod for gåande og syklende.
6. Voss Parkering skal medverka til istandsetting, tilsyn, vedlikehald og utvikling av Vossevangen som regionsenter.
7. Selskapet skal utføre heradet sine oppgåver etter «forskrift om offentleg parkeringsgebyr, og «forskrift om vilkårsparkeing for ålmenta og handheving av parkeringsreguleringar (parkeringsforskrifta)».
8. Etter avtale kan Voss Parkering AS også ta seg av drifta av private parkeringsanlegg.
9. Voss Parkering AS skal sikra ei funksjonell organisering av verksemda, ei sikker økonomistyring og ei kostnadseffektiv drift.
10. Voss Parkering skal kontinuerleg vidareutvikla føretaket sin tenesteproduksjon i tråd med parkeringspolitiske mål, endra bruksmønster og teknologisk utvikling innan tenesteområdet.

3.2. VOSS PARKERING SKAL VERA EI LØNSAM OG EFFEKTIV VERKSEMD

I samsvar med verksemda sine vedtektsfesta føremål skal Voss Parkering drive den offentlege parkeringsverksemda på vegne av Voss herad og etter dei relevante lover, forskrifter og reglar som gjeld til ei kvar tid.

Verksemda har som eit av sine hovudføremål å arbeide for god trafikkflyt i sentrumsområde slik at trafikkbelastninga vert redusert til beste for både bilistar, gåande og syklende. Verksemda har i tillegg eit ansvar for å arbeide for parkeringsordningar som er gode for næringsdrivande.

Verksemda har delegert ansvar for å sikre gode parkeringstilhøve også utanfor sentrumsområdet og utanfor der det er avgiftsparkering, for å betre trafikkikkerheita.

Vossaklima 2030 set viktige framtidig mål for heile Voss herad. Voss Parkering skal bidra med sine verkemiddel til å nå målsettingane. I praksis betyr dette å bidra til betre tilhøve i sentrum og aktivt arbeide for at flest mogleg parkerer i Vossapark og Stasjonsgarasjen og andre framtidige p-anlegg. For å oppnå desse måla kan ein mellom anna bruke prising, gratisperioder og gode avtaleordningar slik at belastninga i sentrum vert redusert.

Voss Parkering bidrar i mange samanhengar ved større og mindre arrangement i Vossabygda. Gjennom avtaler om rigg-område, eigne p-område til arrangørar og direkte støtte er Voss Parkering ein viktig bidragsytar. Samtidig medfører arrangement ein vesentleg auke i trafikkbelastninga i



sentrumsområde, og dette medfører behov for å arbeide aktivt med trafiksikkerheita i nært samarbeid med arrangørar.

Verksemnda skal drive forretningsmessig forsvarleg slik at ein er sikra tilstrekkeleg ressursar til utvikling av parkeringsføremål. Voss Parkering utarbeidar årleg budsjett og legg til grunn ein risikoprofil som tek i vare naudsynt eigenkapital og likviditet ut i frå risiko og omfang til verksemnda.

Voss herad forventar at føretaket leverer effektive tenester med høg kvalitet og at føretaket sin tenesteproduksjon skal vere nyskapande, fleksibel og tilpassingsdyktig. I vidareutvikling av verksemnda vil også kompetansebygging stå sentralt. Verksemnda skal fungere som Voss herad si kompetanseining ved handsaming av spørsmål og saker knytt til føretaket sine kjerneområde. Voss Parkering skal med omsyn til dette ha fokus på å rekruttere og halde på kompetente medarbeidarar, samt å gjere tiltak for å vidareutvikle medarbeidarar sin kompetanse.

Verksemnda skal sikre ei effektiv drift med fokus på arbeidsmiljø og sikkerheit for dei tilsette.

4. VOSS HERAD SOM EIGAR - EIGARSTYRING

Voss Parkering skal styrast med utgangspunkt i Voss herad sine prinsipp for god eigarstyring.

Med eigarskapet i Voss Parkering skal Voss herad bidra til å sikra at Voss Parkering er ein viktig samfunnsaktør i bygda og i regionen, også i framtida. Voss herad vil sjå til at eigarskapet vert forvalta til beste for eigar, selskap, kundar og samfunnet generelt.

Voss herad legg til grunn av Voss Parkering utarbeidar ein forretningsplan og at heradsstyret sine 10 overordna målsetnader i denne eigarstrategien vert tydeleggjorde gjennom langsiktige og årlege mål. Verksemnda rapporterer måloppnåing til heradsstyret i den årlege eigarskapsmeldinga.

4.1. VOSS HERAD SKAL VERA EIN AKTIV EIGAR

Voss herad skal vera ein aktiv eigar i Voss Parkering gjennom;

- *ei aktiv deltaking i eigarorgan /generalforsamling*

Voss herad si eigarstyring skal utøvast gjennom selskapet sitt eigarorgan, generalforsamlinga. Voss herad sine representantar i generalforsamlinga skal avklara og drøfta saker av uvanleg art eller stor strategisk betydning med relevante politisk organ i forkant av at saka vert handsama i generalforsamlinga.

- *Å sikra at styremedlemmane frå Voss herad bidreg til at Voss Parkering er eit profesjonelt styre*

Styret skal settast saman i tråd med Voss herad sine prinsipp for god eigarstyring. Styret har ansvar for at eit selskap vert forvalta i tråd med eigar sine interesser. Styret skal ta vare på den strategiske leiinga av selskapet innanfor dei rammene som er gjeve av eigar. Styret skal vera ein viktig diskusjonspartner og støttespelar for leiinga i større saker, men må òg kunna utfordra dagleg leiar og verksemnda på ein konstruktiv måte slik at det vert teke gode avgjerder. Styret må ha ei uavhengig rolle til leiinga og kontrollera leiinga på grunnlag av vedtekne målsetjingar.

- *å tilby opplæring*

Voss herad skal legge til rette for opplæring innan styrekompetanse ved å tilby kurs i styrearbeid.



- *å setja Voss Parkering på den politisk sakslista*

Med Eigarskapsmeldinga informerer rådmannen årleg heradsstyret om utvikling i selskapet. Heradsstyret vil også handsama enkeltsaker der Voss Parkering er part når aktuell sak inngår i heradsstyret sitt myndeområde eller er av stor strategisk og/eller prinsipiell betydning.

- *å nytta Voss Parkering som samarbeidspart i viktige samfunnsoppgåver*

Det kommunale eigarskapet legg til rette for at heradet kan nytta selskapet som samarbeidspart i implementering av kommunale og regionale planar, og i ulike prosjekt og samarbeid.

4.2. VOSS HERAD SKAL VERA EIN TYDELEG EIGAR

Voss herad skal vera ein tydeleg eigar gjennom:

- *eigarmøte*

Det skal gjennomførast minst to eigarmøte med selskapet i løpet av valperioden. Voss herad skal i eigarmøta vera representert med formannskapet og rådmannen. Selskapet skal som minimum vera representert med styreleiar og dagleg leiar. Målet med møta er å sikra tilfredsstillande informasjonsutveksling. Leiinga i føretaket skal mellom anna gjere greie for resultat, råmevilkår, utfordringar og moglegeheiter. Møta skal også nyttast til å avklare målforståing og sikre at eigarstrategien vert følgt opp.

- *å bry seg og uttrykkja motivasjon for eigarskapet*

Voss herad skal som eigar få innsikt i og vera ein bidragsytar i instruksar, årsplanar, rutinar og evalueringar som er utarbeidd i tråd med reviderte retningslinjer for eigarstyring.

- *å definera Voss Parkering si kjerneverksemd*

Voss herad skal som eigar få innsikt i og vera ein bidragsytar i visjonar og strategiarbeid.

- *å uttrykkja forventningar knytt til resultat og avkastning*

Voss herad ynskjer ei positiv verdiutvikling av sine investeringar og eit viktig mål for slike selskap er at dei oppnår høg avkastning på investert kapital. Avkastningsmål er den avkastninga eigar kan forventa å få på sine investeringar over tid, i høve til risikoen knytt til investeringane.

Forventningar til resultat og avkastning skal vera ein sentral del av dialogen kommunen har med selskapet. Det er vedtaksfesta at Voss Parkering ikkje skal betale utbytte.

- *å definera resultatmål*

Ulike selskapsformer er valde for å realisera ulike føremål. I nokre tilfelle er det å ta vare på særskilte samfunnsoppgåver ei betre målsetjing enn reine resultatkrav. Heradet sikrar då god eigarstyring gjennom å setja tydelege mål og resultatkrav til kvart selskap.

- *å uttrykkja forventningar til selskapet si risikoeksponering*

Heradsstyret legg til grunn at investeringar og drift vert tilpassa verksemda sin økonomiske situasjon. Eigenkapital og likviditet skal vere forsvarleg ut i frå ansvar, risiko og omfang av verksemda sine vedtekne aktivitetar. Voss herad skal som eigar godkjenne større investeringar. Finansiering av mindre investeringar kan løysast ved bruk av verksemda sin eigenkapital.



4.3. VOSS HERAD SKAL VERA EIN FØRESEIELEG OG LANGSIKTIG EIGAR

Voss herad skal vera ein føreseieleg og langsiktig eigar gjennom:

- *å utvikla og revidera ein langsiktig eigarstrategi*

Voss herad skal bidra til å skapa føreseielege rammer for Voss Parkering ved å utøva heradet si eigarstyring i tråd med Eigarskapspolitikk i Voss herad og ein langsiktig eigarstrategi ovanfor selskapet. Eigarstrategien skal reviderast minimum ei gong kvar kommunevalperiode.

- *å vera ein god medspelar*

Voss herad skal vera ein god medspelar slik at selskapet kan oppnå sine mål.

VEDLEGG

❖ Vedtekter Voss Parkering

[Vedtekter Voss Parkering AS.docx](#)